



Notat

Dato: 26.09.2014
Arkivsak: 2014/20381-3
Saksbehandlar: nilgrud

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Billettering på ferjesambandet Halhjem-Sandvikvåg - Svar på oversendingsforslag i samferdselsutvalet

På møte i samferdselsutvalet 20.08.14 viste representanten Wenche Tislevoll (H) til at det tidvis oppstår situasjonar på ferjesambandet Halhjem-Sandvikvåg der ein misser ferja sjølv om ein har kome fram til kaien før ferja har gått. Ein må uansett billettera i billettbus sjølv om dette ikkje samsvarar med gjeldande billettinstruks.

Samferdselsavdelinga tok opp dette tilhøvet med Fjord1 i brev av 01.09.14. Det ligg no føre svar frå Fjord1 i brev av 23.09.14 (sjå vedlegg).

Fylkesrådmannen viser til svaret frå Fjord1 og har elles ikkje nokon merknader.